## Pietismen og Thomas von Westen

Første halvdelen av 1700-talet var på mange måtar pietismen sin glansperiode i Europa. Her i landet slo denne åndsretninga lite gjennom før ved haugianismen på 1800-talet. Unnataket frå denne regelen finn vi nettopp i Romsdal. Her står Thomas von Westen (1682-1727) i ei særstilling. Det same gjeld Sjustjerna, som var ei foreining for prestane i Romsdal og på Nordmøre. Thomas von Westen var ein person utanom det vanlege.[6] Ein kyrkjehistorikar skriv:[7]

*«Thomas von Westen var en storslagen, imponerende natur, af ubændig viljekraft og hensynsløs energi. I sin viljesterke handletrang, handledygtighed og selvopofrende hensynsløshed er han sikkerlig periodens største personlighed inden vort lands kirke. Ankommen til Romsdalen tog Thomas von Westen sig af sin forsømte menighed med en glødende iver. Korsets evangelium lød*

*Medmennesker? Jeg svarer: Jeg vet mig fri - saasandt hjælpe mig Gud og hans hellige Ord! Tilslut blev han mild, og Stemmen dirret med en varm Undertone, saa mange rørtes til Taarer.*
*Mange tror, at en from Mand er en feig og en svak Mand. Denne Tro er feilagtig. En from Mand har sin indre Styrke, Aandens Selvhævdelse under enhver Tilskikkelse. Den fromme Mand er en Helt og den fromme Kvinde en Heltinde. Hver Dag stilles de paa Prøve i Dagens kampe, og selv om de lider Nederlag, de seirer i Bønnen. Den fromme kan miste Gods og Ære; men han smiler til Baal og Kors - ja til selve Døden med! Efter Gudstjenesten flokker Folket sig ute paa Kirkevolden igjen og bortefter Veien. Man nikket og saa paa hverandre: Han var en svær Kar til at præke, den nye Presten! Rigtig en Stortaler.*

***Ivar Sæter,***
***Thomas von Westen***

## *Herr Tomas*

*Herr Tomas kom med den nyvaktes syn på livet og den nybakte embetsmanns virketrang, dertil med et temperament som var brennende av naturen. Om verden i alminnelighet forekom den unge pietist mørk og fæl, så var den norske bygd mørkere enn mørkest. Med skrekk og forargelse merket Tomas at hans menighet ikke hadde noe riktig begrep om kristendommens hovedsannheter og saliggjørelsens orden. Ikke heller iakttok den lovens bud, enn mindre sann kristelig moral. Med*

*saaledes, som det aldri var blit hørt i disse egne, katekisationer afholdtes, sjælepleie blev øvet i stor maalestok. I begyndelsen stødte han paa haardnakket modstand, og bønderne klagede forgjæves baade hos biskop og konge over denne underlige og plagsomme prest, der var ligesaa døv for modsigelser og indvendinger som upaavirkelig ved skjænk og gaver. Den sterke mand overvandt imidlertid snart enhver modstand og virkede til stor velsignelse inden sin menighed.»*



*Thomas von Westen - Veøypresten*

Det var altså ikkje kven som helst romsdalingane hadde fått i sin midte då von Westen kom som prest til Veøy i 1711! Frå presten i Veøy og medlemmene i Sjustjerna er det lærdom å henta og ein arv å odla.

Romsdalsprestane såg kristendommens stilling i landet som svært dårleg, med tanke på både tru og moral. I ei «forestilling» til kongen i 1714 hevda dei at «når få Guds barn undtas, da skiller intet på oss og våre hedenske forfedre enn at vi kalles kristne».[8] Sjustjerna konkretiserte dette slik:[9]

*«Sions veier ligger ganske øde udi Eders Rige Norge. Der er ingen kirkelig disiplin mer i Eders land. Kirkens bindenøkkel er ganske nedgravet, den løsende nøkkel ganske misbrukt, prekestolen dessverre mestendels fruktesløs. Skriftestolen er mer til Satans rikes befordring enn til synders avskaffelse. - Horeri har tatt så overhånd at Herrens profeter hvert øieblikk med gråt må frykte for ild over dette Sodoma. Drukkenskap er ikke synd mere. Trette og avind er blitt mote. Falsk lov og vekt ansees for lovlig profitt, vankundighet udi sin salighets sak holdes for god tro. Bander og eder er almindelig tungemål.»*

Den som ville ta Guds ord på alvor som ein tru Herrens tenar, hadde nok å gjera! Dei første impulsane i så måte kom med pietismen, og det starta altså i Romsdal.

Pietismen[10] fekk i landet vårt si utforming i Erik Pontoppidan (1698-1764) si forklaring til katekisma, «Sannhet til gudfryktighet». Boka vart skriven i 1737 på oppdrag frå kongen, og ho skulle brukast til opplæring i kristendomskunnskap i heile landet. Slik fungerte ho også i skulen og i konfirmasjonsundervisninga i over 150 år. Med det fekk vi i utgangspunktet ein kristen skule og ei pietistisk kristendomsopplæring. Ved at «Sannhet til gudfryktighet» skulle lærast utanboks, vart dette ein felles folkekunnskap. Det var av stort verd for det lekmannsarbeidet for ytre og indre misjon som seinare voks fram.

Hovudsaka ved pietismen var den einskilde sitt personlege

*forståinga store ringverknader i landet, og ikkje minst i Romsdal. Ja, ein kjenner etterdønningane enno i vår tid.*

**Peder Mork, Eid kyrkje 1797-1997**

## *Lars Kyllingen på Veitastrondi*

*Der begynte han å holde samlinger, og det hadde ingen gjort før, så det vakte stor forundring. Han var også i det daglige liv anderledes enn de var vant til der. Således var han oppe før andre folk om morgenen og drev på med arbeidsfolk og hester i våronnarbeidet til solen rant. Da tok han sig en hvil, gav hestene høi, tok op en bok av lommen og samlet folkene til andakt. Og da naboene kom ut av døren om morgenen, så de den nye brukeren på Næs og karene hans sitte med bøiet hode ved akerkanten og holde bønn, og hørte dem synge salmer i morgenlysningen. - De snudde på sig og gikk inn igjen: «Når skal han Lars Næs bli ferdig med onne-arbeidet sitt, han som hefter bort tiden med slikt!» Men det rare var at han blev ferdig en god stund før alle andre. Der blev også vekkelse på Veitestranden, og «adskille kom til liv i Gud».*

**Sigrid Svendsen, Kristenliv i Romsdalen 1809-1864**

## *Presten og tiende*

*Lars Kyllingen brukte flittig nådens midler. Hver prekensøndag gikk han den lange vei, 1 1/2 mil, ned til Kors kirke, og deltok ofte i nadverden.*

*og Slagsmaal, endog de, som selvsamme Dag have gaaet til Alters. — - Derhos tilkjendegav jeg mundtlig Sognepresten, at han paa mit An- og Tilsvar frit maatte holde saadanne ryggesløse Mennesker fra Herrens Bord, indtil de bedrede deres Levnet.»*

Soknepresten i Grytten var i 1858 i Voll medan det var bryllaup på ein av gardane:[12]

*«Jeg kunde ikke komme Hjem samme Dag, hvorfor jeg om Aftenen gik ind i Bryllupshuuset. Men der var meget stygt at see og høre: en stor Deel af Mandfolkene vare berusede; langs nedad Bordet stod Brændeviinsflasker, og Brændeviinet flød i Strømme; flere af Gjæsterne laae med hele Overkroppen udover Bordet støttende Hovedet paa begge Hænderne, og al Passiar var ækkel og tildeels usømmelig.»*

Som vi ser av desse to døma, kom det ugudelege og det umoralske til uttrykk både i det daglege, i selskapslivet og ved kyrkjegang. Når så fleire av prestane var rasjonalistiske slik at forkynninga deira var utan åndeleg kraft, vart forkynninga korkje til vekking for dei ugudelege eller til mat for Guds folk. I denne situasjonen skulle dei få vedkjennande kristne leva og tena. Dei var for det meste haugianarar.

## Haugianismen - ei særnorsk åndsretning

Haugianismen er ei pietistisk åndsretning av særnorsk karakter. Det vi tidlegare har nemnt om det personlege gudslivet i pietismen, var hovudsaka også i haugianismen. Difor vart det i forkynninga lagt vekt på at folk måtte søkja Herren og eiga livet sitt i han. Det som kom som det særmerkte med haugianarane, var deira innbyrdes samfunn, venesamfunnet, og deira vekt på det samfunnsnyttige, og flid i arbeidet. Haugianarane la stor vekt på at Guds folk måtte samlast til oppbygging på trua si. Med det fekk også den frie lekmannsforkynninga ein sentral plass. Dette vekte mykje motstand frå kyrkjeleg hald.

Sjølv om lekmannsforkynning vart fullt ut fri borgarleg sett ved opphevinga av Konventikkelplakaten i 1842, var det i fleire år mykje diskusjon om slik forkynning bibelsk sett - og ut frå vedkjenninga - var rett. Motstanden mot fri lekmanns-forkynning var sterkast mellom prestane, men også mellom lekfolket var det ulike oppfatningar. Haugianarane stod i fremste rekkje i kampen for full fridom for lekfolket. I venesamfunnet vart det også lagt stor vekt på bøn, åndeleg samtale, vitnemål, formaning og song. Venesamfunnet skulle dessutan vera under tilsyn av åndelege leiarar, ofte kalla eldste. Det åndelege samfunnet mellom dei viste seg også i det daglege, og når dei vitja kvarandre i heimane eller drog på venevitjing til andre bygder.

## «Nogen haugianere»

Det kom altså «nogen haugianere» til Romsdal tidleg på 1800-talet.[13] Dei var ikkje så mange, men dei fekk mykje å seia for utviklinga i Romsdal, både samfunnsmessig og åndeleg. Vi skal gje nokre glimt frå det som skjedde frå dei kom og til Romsdal Indremisjon vart skipa.

liv med Gud. Det er ikkje det allmenne eller massen det gjeld, men at den einskilde må verta frelst. Guds ord er påliteleg og verkekraftig, og det må forkynnast slik at den einskilde kjem til tru på frelsa i Jesus Kristus, og slik at trua pregar livet og tenesta for Herren. Dette fører også med seg at Guds folk kjem saman til oppbygging ved forkynning, bøn, vitnemål, samtale og song. Ut frå dette veks det fram sjelevinnartrong og misjonsarbeid, og den truande seier nei til alt som vil skada gudslivet eller hindra tenesta hans for Gud.

Den første som vakna for dette her i landet på ein slik måte at det sette merke etter seg, var altså Thomas von Westen, sokneprest i Veøy 1711-1716. Han samla dei andre prestane i Romsdal i den pietistiske foreininga Sjustjerna. Med von Westen i spissen tok desse prestane embetet sitt på djupt alvor. Dei var nidkjære i tenesta og forkynte til vekking. Dei gjekk også i brodden for misjonsarbeid blant samane og på Grønland, og det var tendensar til heidningemisjon. Frå Veøy og Romsdal gjekk det ut ein pietistisk vekkings- og misjons-impuls av varig verd. Sjølv om vekkingslivet ikkje vart særleg omfattande og det meste døydde ut også i Romsdal, var det ei åndeleg demringstid i landet vårt utover 1700-talet og inn på 1800-talet.

Samstundes braut rasjonalismen inn over landegrensene. I denne åndsretninga vart mennesket si fornuft sett i høgsetet, også som dommar over Guds ord. Dette skjedde i Romsdal som elles i landet, og mange stader tok synd og umoral over-hand - ikkje minst gjaldt dette drikking og alt som fylgde med det. Ekteskaps- og seksualmoralen var også utsvevande. I åra før 1850 vart det i Romsdal fødde 47 born utafor ekteskap for kvart 100 vigde par. Det utgjorde 22 % av fødde born. Seinare betra dette seg.

Sjølv om haugianarane frå Sogn hadde sine gode forløparar i prestane i Sjustjerna, var det ikkje mykje levande kristendom å byggja på i romsdalsbygdene då dei kom. Sogningane «emigrerte» dessutan til Romsdal nett på den tida då landet vårt opplevde den største nøda materielt sett sidan svarte-dauden. Dette hadde sin grunn både i uår, krig med England og mykje sjukdom. Nett same året som sogningane kom til Romsdal, vart Hans Nielsen Hauge teken ut av fengslet nokre månader for å hjelpa til med å byggja saltverk rundt om på norskekysten. Det seier ikkje lite om både nødssituasjonen og Hauge!

Om den åndelege stoda har vi fleire vitnemål frå biskopen sine visitasrapportar. Vi tek med nokre glimt frå eit par slike. Etter sin visitas i Grytten i 1819 skreiv biskopen:[11]

*«Sognepresten er en gammel, rettskaffen Mand og hans Prædiken christelig av Indhold, men hans Gaver vare ikke behagelige. Ungdommen syntes mig ikke anbragt til Tænksomhed, endskjønt Skoleholderne ikke vare uefne. ... Det blev anmærket at stor rygges-løshed spores, fornemmelig paa Prædikedage, I Heens og Eids Annex-sogne, hvor Almuen ofte samles efter Gudstjenesten til Drik*

*brennende iver gikk han til sitt virke. Han reiste på besøk i hjemmene, han overhørte og katekiserte. I prekener tordnet han imot uorden, liderlighet og alle herskende synder. De kirkelige ordninger ville han bruke som anledning til kirketukt, og han nektet derfor ofte adgang til nadverden. Etter gammel skikk kom menigheten med foræringer til den ivrige prest; men da ble herr Tomas rasende. Når den godmodige Anna hadde tatt imot et smørspann, kunne presten ta og henge det opp i et tre ved preste-gården, for at giverne kunne hente det tilbake. Sakramenttyver kalte han dem. Verst var det med liktalene; i dem sa Tomas sannheten rent ut enten det ble budt ham betaling eller ikke. Von Westens virke fremkalte stor uro i menigheten. De fleste var misfornøyd; men presten vant ikke få troende venner i Veøy og deromkring. Især må han ha fått glede av den lille by Molde, som dengang hadde 4-500 innbyggere. Lenge kalte han den et Sodoma, men i et brev fra 1716 sender han hilsen til 30 navngitte kristne brødre og søstre i Molde, blant hvilke er både amtmannen, skriveren og fogden. Også i Norge var det blant de høyeste stender pietismen vant sine første venner; borgerne kom senere, og bøndene sist og best.*

***Ivar Welle, Kirkens historie III***

## *Veøya*

*Veøya vart derfor på denne tida pietismen si høgborg i landet. Elska av få, mislikt av mange. Men trass alt fekk denne kristendoms-*